



MØTEPROTOKOLL

Utval	Forvaltningskomiteen
Møtedato	08.11.2017
Møtestad	Formannskapsalen , Rådhuset
Møtetid	17:00 – 19:00

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Øyvind Utne	Medlem	H
Jan B Ingvaldsen	Medlem	H
Clara Hveem	Medlem	SP
Otto Benjaminson	Medlem	KRF
Aksel Kloster jr	Medlem	AP
Irene Nielsen Sjo	Medlem	AP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Kari Fausk Blokhus	MEDL	FRP
Ingrid Koløy Eide	MEDL	H
Kjetil Mehl	MEDL	SP

Følgjande varamedleamar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Olav Gunnar Hjelmeland	Kjetil Mehl	SP
Kai Morten Torget	Kari Fausk Blokhus	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørn Høivik	Konstituert seksjonsleiar
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Ingen.

Permisjonar:

Ingen.

Inhabile:

Ingen.

Evt. endring på saksrekkefølge:
2017/108 – rådmannen trekte saka.

Tilleggssaker:
2017/124 – Disp og delingsløyve – 123/44.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2017/106	PS - Mindre endring av reguleringsplan for del av gnr. 12 - Rettelse av plassering for veg, friområder og tomter sør i bustadområde Ølve - Kvinnherad kommune
PS 2017/107	Mindre endring av reguleringsplan for 193/2 - auka av utnyttingsgrad / revisjon takvinkel på Halsnøy Heio - Halsnøy - Fronta Bolig AS
PS 2017/108	PS - mindre endring av detaljreguleringsplan for 166/2 - auke av utnyttingsgrad og byggjegrense mot sjøen i Oldervikjo - Varaldsøy - Lillian Åkre
PS 2017/109	Mindre endring av reguleringsplan - deler av 82/141 med fleire - Skålakaien - Rosendal - Kvinnherad kommune
PS 2017/110	Behandling dispensasjon frå reguleringsføresegner - 137/3 og 137/4 - 2 tomannsbustad - Herøysund - Bjørnar Eikeland og May Britt Eikeland
PS 2017/111	2. gongs behandling dispensasjon - 170/9 - Minatyrskyttarbane - Varaldsøy - Vareld Skyttarlag v/ Trygve Djuvsland
PS 2017/112	Behandling dispensasjon - 95/1 - deling av naustareal - Dimmelsvik - Gaute Lund
PS 2017/113	Behandling dispensasjon - 136/9 - naust/kai - Herøysundet - Hilde Bakkebø og Trond Inge Kvandal
PS 2017/114	Behandling dispensasjon - 1/19 - reidskapshus, bod og kai - Ølve - Jakob Severin Emmerhoff
PS 2017/115	Behandling klage - 199/7 - fritidsbustad - Sæbøvik - Irene Koløy Sjø
PS 2017/116	Behandling - Søknad om deling etter PBL - 99/1 - Dimmelsvik - Eivind Tvedt
PS 2017/117	Behandling - Søknad om deling - 194/6 - Sæbøvik - Fredrik Johan Øvrevik
PS 2017/118	3.gongs handsaming - Søknad om deling - 208/3 - Sydnes - Anne Marie Sydnes Helland
PS 2017/119	Behandling dispensasjon- 186/234 og 186/246 - Kai og pir - Valen - Siri M. Hass, Ketil F. Lunde og Aase B. Haktorson
PS 2017/120	Behandling dispensasjon og deling - 83/44 - deling ev bustadeigedom - Rosendal - Elin Valland og Kjell Haugen
PS 2017/121	2. gongs behandling dispensasjon - 123/75 - brygge - sikring av kloakkleidning - Uskedalen - Jan Helge Pile
PS 2017/122	Behandling søknad - 91/140 - utfylling i sjø - Seimsfoss - Gunvor Seim
PS 2017/123	Delegerte vedtak - møte 8.11.2017
PS 2017/124	Dispensasjon og delingsløyve- 123/44 - frådeling av 3 stk. nausttomter Holmen - Uskedalen - Sameie Flatholmen v/Nils Ragnar Myklebust

PS 2017/106 PS - Mindre endring av reguleringsplan for del av gnr. 12 - Rettelse av plassering for veg, friområder og tomter sør i bustadområde Ølve - Kvinnherad kommune

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee godkjenner ein mindre endring av reguleringsplan for del av gnr. 12 - Rettelse av plassering for veg, friområder og tomter sør i bustadområde Ølve.

Plankartet er revidert i følgjande punkt:

- *Omsynssone (faresone) kring høgspente er oppdatert slik at det passar med situasjonen i dag*
- *Det er lagt inn nytt fellesareal mellom tomt 10 og 11, og ein har fjerna leikearealet på tomt 10.*
- *Det er lagt inn felles leikeareal mellom tomt 8/5 og 9/6 i staden for vegen som er fjerna.*
- *Det er lagt inn veg sør for tomt 14 og 12/103. Felles leikeareal er fjerna.*
- *Justert arealføremålgrensene langs eigedomsgrensene i området kring 12/103, 12/102 og tomt 14.*
- *Det har blitt justert arealføremålgrensa kring 12/97.*
- *Det har blitt justert arealføremålgrensa kring 12/129.*
- *Det har blitt justert arealføremålgrensa kring gnr. bnr. 12/*
- *Det har blitt justert arealføremålgrensa og parkeringsplassen kring 12/107, 151, 147. Her er det lagt inn leikeareal, offentleg friområde og kommunalteknisk anlegg (miljøstasjon).*
- *Det har blitt justert arealføremålgrensa kring tomt 2 og 3.*
- *Det har blitt justert arealføremålgrensa kring 12/120.*
- *Det har blitt fjerna leikeareal/sti mellom tomt 1 og 2.*
- *Det har blitt forlenga vegen mot aust/nordaust, nord for 12/162, det same med vegen nord for 12/120.*
- *Det har blitt fjerna avkøyrse og lagt inn ein gangveg mellom 12/104 og 12/123.*
- *Det har blitt justert arealføremålgrensa kring 12/80 og 12/40.*
- *Det har blitt justert parkeringsplassen nord/nordvest for gnr. bnr. 12/136. Justert vegen rett nord for 12/147, samt ein området litt på vegstubben inn til tomt 10 og 14.*
- *Byggjegrense mot vegen (kommunal veg og Fv 48) vart innteikna.*
- *Byggjegrense mot sjøen vart innteikna.*

Vedtaket er heimla i [pbl §12-14](#) og forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at endringa er mindre og i samsvar med lova.

PS 2017/107 Mindre endring av reguleringsplan for 193/2 - auka av utnyttingsgrad / revisjon takvinkel på Halsnøy Heio - Halsnøy - Fronta Bolig AS
Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken .

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee godkjenner mindre endring av reguleringsplan for 193/2 - auka av utnyttingsgrad / revisjon takvinkel på Sæbøvik/Heio - Halsnøy (planid.: 20030009).

I føresegner og plankartet blir følgjande ting revidert:

- 1. Alle tomter er innteikna på kartet med løpande føremålsnummerering (B1 til B16 og BK1 til BK4).*
- 2. Eit område for tidlegare einebustader er omregulert til konsentrerte bustad BK3 (sjå kart).*
- 3. Under føresegner sin §1.2 har ein forandra begrepet «einebustadar» til «frittliggjande einebustadar (B1-16)». Dette er retta på kartet.*
- 4. Under føresegner sin §1.2 har ein tilføyt ein ny kulepkt. «Konsentrert småhusbebyggelse (BK1-3)». Dette er retta på kartet.*
- 5. Under føresegner sin §1.2 har ein supplert kulepkt. «konsentrerte bustader» med (BK4)*
- 6. Omtalte miljøstasjon er forandra til begreip renovasjonsanlegg (sjå kart og §1.2).*
- 7. Utnyttingsgrad for konsentrerte bustader er forandra frå maks. BYA 35% til 40% (sjå kart og føresegner sine §§ 3.3.1 og 3.4.1).*
- 8. Gesimshøgden i alle bustader er satt opp frå 6m til 7m (sjå føresegner sine §§ 3.2.1, 3.3.1 og 3.4.2).*
- 9. Takform er endra gjennom å opne for takvinkel frå 0° til 45° (sjå føresegner sine §§ 3.2.2, 3.3.3 og 3.4.3).*
- 10. Parkeringssituasjonen blir nytt omtalt og spesifisert. For frittliggjande bustadar (B1-16) og konsentrert småhusbebyggelse (BK 1-3) skal det vere plass til 1 garasje + 1 oppstillingsplass, for konsentrerte bustader (BK1-3) kan parkering vere del av planlagt fellesløsning vist i situasjonsplan som følgjar kvar byggjemelding. Dessutan skal det vere ein parkeringsplass for sekundærhusvere , dette er vurdert etter størrelsen av husvære (dette blir framstilt i dei nye føresegner sine §§ 3.1.6).*
- 11. I område for konsentrert småhus (BK4), skal det anten i felles anlegg eller på eigen grunn setjast av følgjande plassar til parkering for bil og sykkel: (...) Dette blir framstilt i dei nye føresegner sine § 3.1.7.*
- 12. Lokale/interne byggekvaliteter er ivaretatt gjennom føresegner sin nye §. 3.1.3.*

Før vedtaket er gjeldande skal ein i teikneforklaring tilføye alle vedtaks- og revideringsdatoar. Plankartet skal leverast som pdf og SOSI-fil (versjon 4.5).

Vedtaket er heimla i [pbl §12-14](#) og forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at endringa er mindre og i samsvar med lova.

PS 2017/108 PS - mindre endring av detaljreguleringsplan for 166/2 - auke av utnyttingsgrad og byggjegrænse mot sjøen i Oldervikjo - Varaldsøy - Lillian Åkre

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Saka vart trekt av rådmannen.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

PS 2017/109 Mindre endring av reguleringsplan - deler av 82/141 med fleire - Skålakaien - Rosendal - Kvinnherad kommune

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Nytt framsett forslag frå Øyvind Utne, H:

Viser til drøftingsmøte 28.08.2017.

Omtalt HC-parkering må innarbeides i føresegnene og vises i plan.

Røysting: Rådmannen si innstilling, med nytt framsett forslag, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee godkjenner ein mindre endring av reguleringsplan for deler av 82/141 med fleire – Nyordning av samferdselsanlegg og kaiområdet på Skålakaien - Rosendal. Plankartet og føresegner er revidert i følgjande punkt:

- *Trafikkareal (deler av køyreveg, fortau, torg, parkering, kollektivanlegg, kollektivhaldeplass og kollektivterminal;KV1 , KV3, FT 8, FT 3, FT 9,T1, T2, PP1, KA1, KH1, KT1) vart tilpassa dagens tekniske krav og trafiksikringstiltak (både dei generelle og dei for mjuke trafikantar). Kaifronten (KA1) vart utvida i sør ut i området med føremålet hamn i sjøen (HA1) og blitt trukket tilbake i sør-aust inn i området med føremålet torg (T1). Grønnstruktur (park; P1 ogP2) går ut. Kartet er revidert i.h.t. forskyving av trafikkareal (o_SPP, o_SV, o_SVT, o_SF1, o_SF2,o_ST,o_SV,o_SPP, o_SKH, o_SKT) og kaifronten (o_SK) samt området med føremålet hamn i sjøen (o_VHS). Grønnstruktur (park; P1 ogP2) blir del av o_SKH og o_ST.*
- *Føresegner er revidert i.h.t. nye føremål (o_SPP, o_SV, o_SVT, o_SF1, o_SF2,o_ST,o_SV,o_SPP, o_SKH, o_SKT, o_SK og o_VHS)*
- *Vegvesen sine føringar er utgangspunktet for planendringa (sjå nedanfor under VURDERING)*
- *Vedtaket er heimla i [pbl §12-14](#) og forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at endringa er mindre og i samsvar med lova.*
- *Omtalt HC-parkering må innarbeides i føresegnene og vises i plan.*

PS 2017/110 Behandling dispensasjon frå reguleringsføresegner - 137/3 og 137/4 - 2 tomannsbustad - Herøysund - Bjørnar Eikeland og May Britt Eikeland

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev med heimel i pbl § 19-2 dispensasjon frå reguleringsplan Herøysund felt B, deler av gnr. 136 og 137 godkjend 06.02.1978, slik at utnyttingsgrad på omsøkt eigedom; to parsellar av 137/3-4 kan aukast frå 16 % til 29 % i tråd med søknad.

Forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at omsyn i lova sine bestemningar ikkje vert vesentleg sett tilside, og at fordelane ved å gje dispensasjon etter ei

samla vurdering er klart større enn ulempene.

Kvinnherad forvaltningskomite gjev med heimel i pbl § 19-2 dispensasjon frå reguleringsvedtekt § 4 til gjeldande reguleringsplan Herøysund felt B, deler av gnr. 136 og 137 godkjend 06.02.1978, slik at saltak vert godkjent endra til pulttak med 6 grader takfall for byggemeldt 2 stk to-mannsbustad på parsellar av 137/3-4. Byggesøknaden kan handsamast etter pbl §20-1 i samsvar med innsende planar.

Forvaltningskomiteen meiner utfrå vurderingane ovanfor at tiltaket ikkje kjem i konflikt med offentlege og allmenne interesser, og at fordelane ved å gje dispensasjon etter ei samla vurdering er større enn ulempene.

Administrasjonen skriv ut løyve etter pbl § 20-1.

PS 2017/111 2. gongs behandling dispensasjon - 170/9 - Minatyrskytterbane - Varaldsøy - Vareld Skyttarlag v/ Trygve Djuvsland

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomite gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF (landbruk, natur og friluftsområde) i arealdelen til kommuneplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy tredd i kraft 24.03.2011 til arealformål Idrettsanlegg. Planlagt bygg for miniatyrskyttebane kan difor omsøkjast og handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande bestemmelsar. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna til lova ikkje verta vesentleg sette til side. I tillegg finn ein at fordelane ved å gi dispensasjon til arealformål Idrettsanlegg i tilknytning til det eksisterande anlegget som er 40 år gammalt vert klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vilkår for dispensasjonen er at kantvegetasjon etter vassressurslova § 11 i eit belte på 4 meter rekna frå vasspeilet i elva vert skjerma for nye tiltak.

Rådmannen skriv ut igongsetjingsløyve når klagefrist for dispensasjonsvedtak er ute.

PS 2017/112 Behandling dispensasjon - 95/1 - deling av naustareal - Dimmelsvik - Gaute Lund

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Nytt framsett forslag frå Øyvind Utne, H:

Utset saka med den hensikt at nabovarsel og svar på merknad vert vedlagt.

Røysting: Nytt framsett svar vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Utset saka med den hensikt at nabovarsel og svar på merknad vert vedlagt.

PS 2017/113 Behandling dispensasjon - 136/9 - naust/kai - Herøysundet - Hilde Bakkebø og Trond Inge Kvandal

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Nytt framsett forslag frå Kai Morten Torget, Frp:

Som innstillinga til rådmannen, men punkt 2 vert fjerna

Røysting: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev tilsegn om dispensasjon frå arealføremålet Vassareal for allment friluftsliv i arealdelen til kommuneplanen for Husnes-området, og PBL §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag til rehabilitering og endring av naust og forlenging av bryggje maks 15 m² framom naustet (i tillegg til eksisterande pir 12,5 m), slik at tiltaka kan handsamast i samsvar med pbl § 20-1, 3 og tilhøyrande føresegner. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna til strandsoneverdiane og allmenne interesser ikkje vert vesentleg råka. Dermed vert ikkje omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, vesentleg sette til side. Ut frå ei samla vurdering er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene.

Vilkår.

- 1. Før byggesøknaden kan handsamast må det liggja føre erklæring frå naboar om samtykke til bygging i nabogrense.*

Dersom det ikkje kjem vesentlege merknader frå regionale mynde, kan rådmannen gjera endeleg vedtak.

PS 2017/114 Behandling dispensasjon - 1/19 - reidskapshus, bod og kai - Ølve - Jakob Severin Emmerhoff

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev tilsegn om dispensasjon frå arealføremålet LNF og «vassareal for allmenn fleirbruk - FFNF» i kommuneplanen for Ølve, Hatlestrand til oppføring av kai som omsøkt. Det vert og gjeve dispensasjon frå pbl §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, til oppføring av kai, reidskapshus og bod. Planlade tiltak kan omsøkjast og handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande føresegner. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Kaien er viktig for sikker tilkomst til øya i samband med sauehald og skogsdrift.

Dersom det ikkje kjem vesentlege merknader frå regionale mynde, kan rådmannen gjera endeleg vedtak.

PS 2017/115 Behandling klage - 199/7 - fritidsbustad - Sæbøvik - Irene Koløy Sjø

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee tek ikkje klagen til følgje og opprettheld sitt vedtak av 06.09.2017 som følgjer:

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev dispensasjon frå PBL § 1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag til oppføring av fritidsbustad som omsøkt. Det er ikkje sett byggegrense i kommuneplanen for Halsnøy-området vedtatt 28.09.2008. Vedtaket er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Tiltaket ligg innanfor byggjeområde i kommuneplanen, og er trekt så langt som mogeleg frå sjøen i høve til veg og høgspenteleine i bakkant.

Vilkår:

Naboar må varslast om ny plassering før det kan gjevast igangsetjingsløyve.

PS 2017/116 Behandling - Søknad om deling etter PBL - 99/1 - Dimmelsvik - Eivind Tvedt

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Nytt framsett forslag frå Kai Morten Torget, Frp:

Deling etter Jordlova: Kvinnherad forvaltningskomité meiner at føremåla med jordlova ikkje vert vesentlig tilsidesett; søkjar viser til at han har eit anna bygg som kan nyttast som kårhus, komiteen finn dette som tilstrekkeleg.

Deling etter PBL og dispensasjon etter PBL: som sist behandling.

Røysting: Nytt forslag frå Kai Morten Torget – fekk 3 røyster (K.M. Torget, Aksel Kloster (Ap) og Irene Nielsen-Sjo(Ap) og fall.

Rådmannen sitt forslag fekk 5 røyster og vart vedteke.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Deling etter jordlova:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad syner til saksframstillinga og gir ikkje løyve til å dele i frå ei tomt til bustadføremål på 400 m² frå gnr/bnr 99/1.

Vedtaket er gjort med heimel i Jordlova sin 12 – Deling

Deling etter PBL:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad syner til saksframstillinga og gir ikkje løyve til å dele i frå ei tomt til bustadføremål på 400 m² frå gnr/bnr 99/1.

Vedtaket er gjort med heimel i PBL 20- 1 – Deling

Dispensasjon etter PBL

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad syner til saksframstillinga og gir ikkje løyve til å dele i frå ei tomt til bustadføremål på 400 m² frå gnr/bnr 99/1.

Vedtaket er gjort med heimel i PBL § 19-2.

PS 2017/117 Behandling - Søknad om deling - 194/6 - Sæbøvik - Fredrik Johan Øvrevik

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Omdisponering og deling etter jordlova §9 og 12:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad syner til saksframstillinga og gir ikkje løyve til å dele i frå våningshuset frå gnr/bnr 194/6

Vedtaket er gjort med heimel i jordlova.

PS 2017/118 3.gongs handsaming - Søknad om deling - 208/3 - Sydnes - Anne Marie Sydnes Helland

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmann la fram endra innstilling:

Dette er med som tillegg til opprinneleg innstilling:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad tek klagane frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune til følgje og gjer om sitt vedtak av 04.10.2017.

Det vart også lagt fram brev frå Hordaland fylkeskommune – klage på vedtak.

Nytt framsett forslag frå Otto Benjaminson, Krf:

Saka vert utsett for mogleg avklaring av verneverdige kulturminner.

Røysting: Otto Benjaminson sitt forslag fekk 5 røyster og vart vedteke.

3 røysta mot (Irene Nielsen-Sjo, Ap – Øyvind Utne, H og Jan B Ingvaldsen, H)

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Saka vert utsett for mogleg avklaring av verneverdige kulturminner.

PS 2017/119 Behandling dispensasjon- 186/234 og 186/246 - Kai og pir - Valen - Siri M. Hass, Ketil F. Lunde og Aase B. Haktorson

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev dispensasjon frå arealføremålet FFNF i kommuneplan for Husnes-området, i tillegg til pbl. §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag til bygging av kai/pir. Planlagt kai/pir kan difor omsøkjast og handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande reglar.

Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna til føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sett til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

PS 2017/120 Behandling dispensasjon og deling - 83/44 - deling ev bustadeigedom - Rosendal - Elin Valland og Kjell Haugen

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Dispensasjon:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad viser til saksframstillinga, og gir dispensasjon frå reguleringsplan Vangshaugane, Rosendal, godkjent 31.10.1991 til utvida bruk av avkøyrsla frå fv.50 for ny bustadparsell av 83/44 som omsøkt. Dispensasjonen er gitt med heimel i pbl §19-2. Grunngeving er at her er eit oversiktleg kryss for lokal trafikk.

Stoppesikt på 20 meter frå 4 meter inn i avkøyrsla må oppretthaldast. Vegetasjon /gjenstandar innanfor siktsona må avgrensast til 0,5 meter høgde.

Løyve til deling etter pbl §20-1:

Forvaltningskomiteen viser til saksframstillinga og gir med heimel i pbl §20-1 løyve til å dele frå ein parsell til bustadhus med om lag 0,45-0,5 dekar tomt som omsøkt.

PS 2017/121 2. gongs behandling dispensasjon - 123/75 - brygge - sikring av kloakkleidning - Uskedalen - Jan Helge Pile

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev ikkje dispensasjon frå arealføremålet FFNF i kommunedelplan for Rosendal-området, og pbl. §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, til utviding av brygge. Planlagt utviding av brygge kan difor ikkje omsøkjast og handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande bestemmelsar. Avslaget er heimla i pbl § 19-2 då omsyn bak føremålet området er avsett til i gjeldande kommunedelplan, og omsyna bak føremål i pbl. § 1-8 vert vesentleg tilsidesett med tiltaket. Då vert vurdering av om fordelane er vesentleg større enn ulempene, ikkje relevant.

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev dispensasjon frå arealføremålet FFNF i kommunedelplan for Rosendal-området, og pbl. §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, til sikring av kloakkleidning. Sikring av kloakkleidning kan difor omsøkjast og handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande bestemmelsar. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna til føremåla i plan og omsyn til føremål i pbl., ikkje vert vesentleg sett til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

PS 2017/122 Behandling søknad - 91/140 - utfylling i sjø - Seimsfoss - Gunvor Seim

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev dispensasjon frå arealføremålet «vassareal for allment friluftsliv» i Kommunedelplan for Rosendal-området frå 2003, og §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag. Planlagt utfylling i sjø kan difor omsøkjast og handsamast i samsvar med

fellesskap og barsel - utvikling og rekst

pbl kap 20 og tilhøyrande bestemmelsar. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak føremåla «Vassareal til allment friluftsliv», eller omsyn bak reglane i § 1-8 ikkje vert vesentleg tilsidesette. Fordelen med å sikra gode grunntilhøve til bruk av nausttomt i naustrekkje, er større enn ulempene ved å fylla ut i sjø.

PS 2017/123 Delegerte vedtak - møte 8.11.2017

Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Dei delegerte vedtaka vart tekne til orientering.

PS 2017/124 Dispensasjon og delingsløyve- 123/44 - frådelling av 3 stk.

nausttomter Holmen - Uskedalen - Sameie Flatholmen v/Nils Ragnar Myklebust Behandling i Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 08.11.2017

Dispensasjon:

Kvinnherad forvaltningskomite gjev dispensasjon frå pbl § 1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag slik at planlagt deling kan handsamast i samsvar med pbl kap 20 og tilhøyrande føresegner. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, ikkje vert vesentleg sette til side. I tillegg er fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Tiltaket ligg i reguleringsplanen for deler av 123/44 m.fl – naustområde Holmen, Uskedalen er vedtatt 22.06.2016. Det er ikkje sett byggjegrænse mot sjø, for å kunna gjennomføra planen vert det gitt dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona.

Delingsløyve:

Med heimel i plan og bygningslova § 20-4 vert det gitt løyve til deling av tre nausttomter frå 123/44 i samsvar med søknad og tilhøyrande situasjonsplan mottatt 08.06.2017.

Vilkår:

- 1. Når klagefristen på tre veker er ute og det ikkje har kome klage, kan det haldast delingsforretning.*
- 2. Partane må inngå avtale om rettar til køyreveg, gangveg og legging av leidningar over annan grunn. Desse rettane må tinglysast.*